




Kyrkjebladet

for
BYGLAND

Nr. 4

Jol 2017

74. årgang



Soloppgang over Lauvdalsviki

Foto: Olav Nilsen.

**Dette kan du
lese om i
Kyrkjebladet:**

Andakt.....	s. 2
Hogst på kyrkjegardane	s. 3
Pilegrimstur	s. 4
Filminnspeling.....	s. 5
Jolekonsertar	s. 6
Gamle Kyrkjeblad	s. 7
Smørbukk til jol.....	s. 8
Trusopplæring	s. 9
Gudstenesterekke, ætt skal fylgja ættarrad	s. 10
Tilsette og kontaktinformasjon, møter og samlingar.....	s. 11

Den stille Gud

Sokneprest Kjell Steinbru

Stille natt, heilage natt. Alt har svevn og mørker tatt.
Trufast vaker dei heilage to. Var-samt voggar dei barnet til ro.
/: Jorda tek himlen i famn. :/

Stille natt, heilage natt, barnet er vår største skatt.
Trøytte hyrdingar vaknar av song, høyrer orda for første gong:
/: Kristus vår frelsar er fødd! :/

Stille natt, heilage natt, Gud gjev jorda vona att.
Himlen smiler frå barnet sin munn, Kjem oss nær i ei frelsande stund.
/: Vier Guds framtid til vår. :/

T: 1816 Joseph Mohr
O: 1991 Erik Hillestad

Ein gong skulle profeten Elia møte Gud oppe på fjellet Horeb. Men føre Herren så kom det ein stor og sterk storm som kløyvde fjell og knuste knausar, men Herren var ikkje i stormen, etter stormen kom eit jordskjelv, men Herren var heller ikkje i jordskjelvet, etter jordskjelvet kom ein eld, men Herren var heller ikkje i elden, etter elden – kom lyden av ei skir stille. Då Elia høyrdet den, drog han kappa føre andletet, gjekk ut og stilte seg i hòleopninga der han hadde sove den natta. For no var det var Herr-en Gud som fór forbi.

Historia om Elia sitt møte med Herren på fjellet seier oss noko om korleis Gud syner seg for oss, om korleis han kjem til oss. I min første bibel, som var 1930-omsetjinga, heitte det at Gud kom til Elia i ein «Stille susen».

Og ein slik «Stille susen» kan ein også seie at det var da Jesus vart fødd. Han som vart kalla kongen

over kongane og herren over herrane, vart ikkje fødd i eit keisarleg palass, eller på kongens slott. Nei, det var slik som det står i ei salme: Så enkelt og stille kom Gud til vår jord. Ja, ikkje bare var det enkelt og stille, men også direkte audmjukande. Kongen over kongane og herren over herrane vart fødd av ei vanleg kvinne av folket, han kom til verda i ein mørk og stusseleg stall, vart sveipt og lagd i ei krubbe.

Kva var meininga med dette? Jo, Jesus forklarer dette tydeleg og greitt i eit vers i Matteusevangeliet i kapittel 20: «Menneskesonen (Som Jesus kalde seg) er ikkje komen for å la seg tena, men for sjølv å tena og gje livet sitt til løysepenger for mange.»

Paulus skriv også om same tema i Filipperbrevet: «Han gav avkall på sitt eige, tok ein tenars skapnad og vart menneske lik.»

Enkelt og stille er det også når Jesus kjem til oss. Jesus seier: «Sjå, eg står framfor døra d i og bankar.»

Jesus kjem ikkje som ein bulldosar inn i våre liv. Han er i den stille susen, han er den som bankar på ditt hjartes dør.

I den lengste salmen vi har i Det gamle testamente, salme 119, i vers 105, står det også noko som understrekar dette: «Ditt ord er ei lykt for min fot og eit lys for min stig.»

Her er det ikkje tale om ein kraftig lyskastar. Berre ei lita fjøslykt som lyser opp akkurat det vi treng for å finne vegen. Og vegen veit vi. Vi

må bare følgje vegen. Ein av læresveinane til Jesus (Tomas) lurte litt på dette med vegen og sa: «Herre, vi veit ikkje kvar du går; korleis kan vi då vita vegen?» Jesus svara: «Eg er vegen, sanninga oglivet.»

Den smale vegen som Jesus ønskjer vi skal følgje gjennom livet, fører til Gud, til det evige liv i den nye himmel og den nye jord. Der skal vi få vandre i Guds nærliek, i det nye Jerusalem, som da står der pynta som ei brur som er pynta for sin brudgom.

Slik som jolefeiringa har utvikla seg i vår tid står den i ein sterk kontrast til det som er bodskapen i alle si enkelheit. Det kan vere greitt å minne kvarandre på skriftordet der Jesus seier: «Ta dykk i vare for lysta til alltid å eiga meir! For det er ikkje det du eig, som gjev deg livet, om du har aldri så mykje.» Den indre rikdomen som Jesus gjer oss kan ikkje kjøpast. Den får vi ved å leggje våre liv i Herrens hender. Alt av nåde. Alt er ei Guds gáve.

Adventstid er ei fastetid i kyrkja med fokus på materielt etterhald og konsentrasjon om Ordet. Samstundes er jola ei gledeshøgtid, der vi skal glede oss i lag med kvarandre, og glede oss over bodskapen som lydde over Betlehemsmarka den første jolenatt:

«Ære vere Gud i det høgste, og fred på jorda blant menneske Gud har glede i!»

Med desse orda ønskjer eg alle ei god og velsigna jolehøgtid. KS.

Høgstu på kyrkjegardane

Tekst: Olav Nilsen • Foto: Knut Gakkestad

Måndag 6.11 og tysdag 7.11 inntok fem driftige karar kyrkjegardane på Bygland og Tveit, der dei saga ned ei rekke tre som etterkvart hadde vorte så store at dei utgjorde ein fare - både for folk og ikkje minst gravstøtter.

I tillegg vert trerøtene eit problem når de skal gravast nye graver.

Nokre av trea var og delvis rotne inni, og stod i fare for å blåsa ned.

Kyrkja stilte med drevne skogsarbeidarar og maskinentreprenørar som Knut Gakkestad, Svein Kleivane og Gunnar Gautland, medan

Bygland kommune stilte med dyktige medarbeidarar som Fredrik Langfeldt og Gøte Håges.

Med dei dimensjonane mange av trea hadde er det eit meisterstykke å styva dei alle utan at nokon skade skjedde - korkje på arbeidsfolk, maskinar eller gravstøtter!

Stor takk for eit framifrå arbeid!



Den gamle alleen på Bygland kyrkjegard før arbeidet tok til.



Ein velfortent kvil på kyrkjetrappa! Frå venstre Svein Kleivane, Gøte Håges, Gunnar Gautland og Knut Gakkestad. Fotografen Fredrik Langfeldt vart dverre ikkje med på biletet!



Trefelling i verdsklasse!



Bygland kyrkjegard etter vel utført arbeid.

Pilegrimstur på Sølvveien i Spania

Tekst: Bjørnar Mørenskog. Foto: Olav Nilsen

Bli med på pilegrimsvandring Sølvveien, caminoen «Ruta Via de La Plata» 21. - 29. April 2018. Vi lander i Madrid 21. April 2018. Bussen kjører oss til siste års avslutningsted, Aljucen som er utgangspunkt for vandringen. Vi skal sove på Aljucen albergue og hotel Roman i to netter. Årets vandring skiller seg ut med lengre distanser mellom overnattingstedene, vi avslutter vandringene i Extremadura.

Pris i dobbeltrom Kr. 14.900
Enkeltromstillegg Kr. 1.500

Prisen inkluderer:

Flyreise tur-retur fra Kjevik eller Oslo til – Amsterdam - Madrid 8. overnattinger med frokost i dobbeltrom på hotell eller hostall. Middag er inkludert bortsett fra to dager. Lunsj / nistepakke betales selv underveis. Felles buss transport til bagasjen hele uken.



Harry Andersen har funne godstolen!

Info om turen:

Bjørnar Mørenskog 911 36 564.
bjornar.morenskog@gmail.com

Harry Andersen 996 24 019
harry@mvh.no

Else Lunden Mørland 906 68
906 else.morland@me.com.

Overnatting i Hotel Hostal –
Albergue.

Aljucen 2 netter

Caceres 2 netter
Canaveral
Galisteo
Olivia de Plasencia
Siste natt i Madrid

Prisen er basert på at oppholdene er inkludert to måltider om dagen. På endel strekninger kjøper vi og inkluderer nistepakke fordi det er langt mellom spisestedene på vandringen. 2 middager må dere dekke selv, Sannsynligvis blir det i Caseres og i Olivia de Plasencia.

Det er kostbare flybileller til Madrid og overnattingen i Olivia de Plasencia er oppgradert til et historisk hotel. Derfor er prisen øket noe. Det tas forbehold om endringer i programmet.

Velkommen med på ny vandring på Ruta del la Plata - Sølvveien!

Send påmelding til bjornar.moren-skog@gmail.com



Gode Setesdølar på pilegrimsferd! Frå venstre: Torun Mørenskog, Bjørnar Mørenskog, Berit Haugetveit, Grethe Hafnibratl, Morten Hafnibratl, Anne-Berit Aakhus, Harry Andersen, Else Lunden Mørland, Knut Haugetveit.



Den kvite byen Merida ventar på pilegrimane.



Filminnspeling Årdal kyrkje

Tekst og foto: Synne Vold Tambs-Lyche



Kortfilmen DEN BLINDE MANNEN er basert på en Novelle av Bertolt Brecht. Filmen handler om en eldre mann som plutselig mister synet. Tvunget til å bo med sine to yngre brødre, fokuserer han på sin lidelse og sprer sinne og fortvilelse rundt seg.

Helge Jordal spiller hovedrollen, og i registolen sitter Dara Van Dusen, fra New York. Dara er en utrolig dyktig regissør og har tidligere vist film på den prestisjefylte Filmfestivalen i Cannes - og vi har troa på at også denne filmen kan nå like langt!

Filmens åpningsscene er inne i en kirke, så det var veldig viktig for Regissør Dara at denne kirken ville sette den riktige tonen. Dara reiste rundt i hele Agderfylkene på utkikk etter et kirkerom som kunne utfylle alle kriterier. Det var også viktig at dette var en gammel kirke som fortsatt blir brukt i dag. En av de tydelige grepene Dara valgte for denne filmen er at handlingen utspiller seg på et udefinert sted til en udefinert tid. Så letingen etter de perfekte stedene å filme har vært en omfattende jobb. Imidlertid var Dara så glad når hun fikk se Årdal kirke: den hadde alt hun hadde vært på utkikk etter – og ikke minst fulgte det jo med et helt lokalsamfunn av flittige og hyggelige statister og hjelgere!

*Mvh Synne Vold Tambs-Lyche,
Them Girls Film.*





9. -10. DES 2017 JOLEKONSERTAR

STEMNINGSSTUNDER I ORD OG TONER



ÅRDAL KYRKJE

laurdag kl 17

VONHEIM-
KORET

BYGLANDS-
HEIMEN

sundag kl 14:30

BYGLAND
KYRKJE

sundag kl 16
KONG HANES
EFTF.

og korpset....



Gamle Kyrkjeblad

Tekst: Tone Norgarden Gakkestad

Vonheimkoret hadde songkveld i Bygland kyrkje saman med Hans Jurgen Wiehe den 15.10.2017. Då var Anne Paus invitert til å synga songen som far hennar, Guttorm Paus, dikta. Songen heiter Tru og von, og stod på prent i Kyrkebladet i september 1969.

Tenesta i Guds rike ei tyngsle eller ei velsigning?

Eg sat og lytta til ein tale der dette med tenesta var gjenomgangs-temaet. Ein sats som vart slynga ut over forsamlinga kan eg ikkje verta kvitt: Tenesta i Guds rike er ikkje ei fritids syssel, men heile livet. Ikkje 5 % av vår tid, men 100 %. Alt skal for den som er ein kristen vera ei tenesta for Gud mellom våre medmennesker.

Av og til kan vi p. g. a. uttaleiser som Jesus sjølv kom med, oppfatte oppgåva som eit påbod istaden for ei oppmoding. Vert det oppfatta slik, vert det ei tyngsle å vera ein kristen. Det vert treldom istaden for fridom. Som ein følge av desse tankane kjem det snart dette resonnement: Eg so mstrevar slik, som er med på so mangt må vel få stor løn for mitt strev. Det vert i so fall trellens løn. Den gir ingen glede, tvertom.

Jesu kall til tenesta er eit nådetilbod. Samstundes som eg skal få vera med i den verdensomspennande verksemdu som kristen misjon er, so er dette eit av dei sterkeste hjelperåder for å få halde meg på plass som ein kristen.

I Guds rikes arbeid spørst det ikkje etter oppgåvas størrelse eller arten av den. Alle tenester er like store, like nødvendige. Frå det å vera den som setter opp plakater om møter, fyrrer i møtesalen, leder verksemda i by og bygd, til det å stå fram for å forkynne, enten det er her heime eller ute på misjonsmarkene. Vi minnast då Jesus fortalte om oppgjerdagen, då han kom som hadde fått dei 5 pund og han som hadde fått dei 2 pund. Begge hadde vunne fram med sitt, men det vart ikkje nemnd av husbonden. Nei, det var ein heilt annan sak som for dei begge vart halde fram, det at dei hadde vore tru i det dei hadde fått. Det vil igjen seie oss at det er det som Gud venter av oss at vi er tru der han har satt oss enten vi tykkjer tenesta er stor eller lita. For der Gud har satt oss, har han gitt oss ei arbeidsoppgåve med eit dobbelt sikte, dette å fremme hans rike og for at eg og du skal bli bevart som kristne. Ser vi det slik, får vi også se storheten i Guds plan med oss. Då sluttar vi med å vente løn og ros, då begynner vi istaden med å takke.

Mathias Ordheim har grepst tanken fullt ut når han i den kjente sangen som står på nr. 420, siste avsnitt: «Ja, skal eg ein gong det store få, eg må med truskap i alt det små i Jesu fotefår lydig gå og vilja det Jesus ville.»

Ser vi vidare i vår kjære sangbok vil vi på nr. 618, vers 4 finne følgende ordlegging: «Nå har du dagen, å bruk han rett, ver tru på plassen der du er sett.»

Eg satt for ein del år sidan å høyrd ein eldre kvinneleg misjonær, som no på grunn av oppnådd alder skulle trekke seg frå aktiv tenesta ute på misjonsmarken. Som vanleg var der mange takketaler osv. Då denne nerast utslitte misjonær fekk ordet, ordla ho seg omlag slik: «Det er eg som må takke. Hadde ikkje eg fått denne tenesta, er det eit spørsmål om eg hadde vorte bevart som ein kristen.»

Sikkert er det at den som får nåde til å vera med i tenesta i Guds rike, får den største velsigninga sjølv. Når ein då ser attende på tida som er gått, får ein hug til å seie som sangeren har sagt det i den kjende sangen vi har på nr. 104, i vers 9: «Takk, takk at også jeg fikk være med.»

Reidar Lindland.

Tru og von

*A, kjære fader, leid du meg,
så ikkje eg kjem burt frå deg!
Men holdt meg støtt i handa di
til eg fær kvild i grava mi.*

*Då kan mi sjel, utløyst og ny,
seg heva fritt opp over sky
og inn i himlens ljose sal
til alle englars tusund tal.*

*Då er all sorg og møda endt
og alt er der til gleda vendt.
Då er vi heime hjå han far
som alltid omsut for oss bar.*

*Der kan vi syngja, glad og fri,
som fugl på grein i grøne lid,
for der har vi det alltid godt
hjå han som er allheimsens drott.*

*Der syng dei jubel-song i kor,
den kvite flokk som er så stor.
Dei takkar han som livet gav,
eit liv som aldri sloknar av.*

Guttorm Dale.

Smørduk til jol

SMØRBUKK



— Nei, men kva er det du gjer? seier Bjørg, ho kjem over Smørduk då han står og skjer hælane av eit par gamle skor. — Pytt, det er vel ikkje så farleg med desse utsalitne skorne hans far, svarar han. — Eg vil ta dei på meg bak fram, skjenar du, og då lyt eg ha rom til å stikka ut tærne.



Jau, Bjørg skjenar det då Smørduk er ferdig med å kie på seg. Han vil gå julebukk i kveld. Han knyter eit terkle for andletet, og snur ikkje berre skorne, men både kleda og julemaska att fram. — No skal han bestefar få sjå ein ledug nisse, ler han. Bjørg kler seg ut som ei gammal kone.



Det er slikt fint måneskin i kveld. Då dei kjem bort i tunet hans bestefar, går dei ikkje inn med det same. Det står ein sagkrakk der, og Smørduk legg ein vedstrange oppi og finn saga. Snart sagar han og Bjørg så det kvin. Bestefar heyrer ståket og kjem ruslande ut og vil sjå kva dette er.



Nei, så rar ein kar har bestefar aldri sett. Han snur ryggen til sagkrakken når han sagar! Og sjå der, no triv han jamen eksa og tek til å kløyva ein diger vedkubbe med han snur seg frd hoggestabben. Denne nissen kan aldri vera rett skapt. Sjå berre kor underlege fester han har og! Han må ha gummi-kne, denne karen.



— Men de får då vera med inn og smaka på julekosten vår, seier bestefar til sist. Og julebukkane vert med. Det er verst for Smørduk, som lyt gå attienges heile tida om han skal sjå ut som folk. Då han skal stiga over dørstokken, snåvar han og dett innetter golvet, så både maska og terkleet løsnar.



— Du kjem hardt, du! seier ho bestemor og ler. — Nei, er det ikkje han Smørduk då! skrattar bestefar. No kjem det mat på bordet, og både Bjørg og Smørduk lyt setja seg innat og smaka på dei gode lefseiene hennar bestemor. — De må eta, seier bestefar. — Det tek på å vera vedhoggarar så seitn på kvelden!

Teikneserien "Smørduk" stod første gong på prent i Norsk Barneblad i 1938, og har sidan vore ein trufast fylgjessvein i nesten kvart nummer av Norsk Barneblad. Sjølv vart eg "hekta" på Norsk Barneblad og Smørduk då eg byrja på Eikelund skule på Hægeland i 1966, der dei hadde eit rikhaldig utval av gamle årgangar på skulebiblioteket. Omrent samstundes byrja me å tinga Norsk Barneblad heime, og det heldt me på med heilt til eg som 17-åring flytta heimefrå. I vaksen alder har eg teke til å samle på gamle Norsk Barneblad, og har eit godt utval av årgangar frå midten av 20-talet til midten av 80-talet. Men eg er stendig på leit etter fleire, så om nokon av Kyrkjebladets lesarar har årgangar i perioden 1920 til 1980 liggande er det berre å ta kontakt.

Det var teiknaren Jens R. Nilssen som sette strek til Smørduk frå 1938 til 1957, deretter overtok Solveig Muren Sanden som trufast teiknar fram til 1981.

Denne utgåva av Smørduk stod på prent i joleheftet av Norsk Barneblad i 1957.

Tekning: Jens R. Nilssen. Tekst: Johannes Farestveit

Trusopplæring i Bygland og Årdal

Kjell Steinbru

Om hausten har vi utdeling av trusopplæringsbøker i fleire gudstenestar. Vi har felles utdeling av bøker til 4- og 6-åringane. Dei som fyller 4 og 6 år i år får ei bok som heiter «Mi kyrkjebok». Det følgjer også med eit lite arbeidshefte til boka. 10-åringane får ein forkorta bibelutgåve som ber namnet «Den store forteljinga». Konfirmantane har også fått utdelt ein kombinert bibel- og konfirmantlærebok som heiter «Konfirmantbibelen». Dei får den utdelt på presentasjonsgudstenesta.

Her er nokre bilete frå gudstenesta i Bygland kyrkje den 29. oktober. Presten fortalte historia om Sakkeus. Han som kravde



altfor mykje skatt frå folk og putta urettmessig pengar i si eige pengetaske. Da Jesus tok inn til han, angra han alt det gale han hadde gjort. Han gav nesten alt han eigde attende til folket. Så vart han fattig på pengar, men han fekk ei ny rikdom i hjartet sitt da han vart ein Jesu ven.

Borna var også med på ei lita songstund i gudstenesta der dei lærte nokre av dei gamle søndagsskulesongane. Nokre av dei føresette hadde med teiknesaker til borna i gudstenesta, men dei vart det ikkje bruk for, for borna var i lag med presten gjennom neste heile gudstenesta.



Presten fortel om Sakkeus.



*Namnet vert skiven
i boka.*



VELKOMEN TIL GUDS HUS, KYRKJA DI!

Fredag 1. desember.

Bygland kyrkje kl.19.30. Jolekonsert med Bjarne Stølen og Anne Karin Kaasa

Laurdag 9. desember.

Årdal kyrkje kl.17.00. Jolekonsert ved Bygland Hornmusikk mfl. Kollekt.

Sundag 10. desember.

Bygland kyrkje kl. 16.00. Jolekonsert ved Bygland Hornmusikk mfl. Kollekt.

Sundag 17. desember.

Sandnes kyrkje kl.18.00 "Me syng jola inn" ved Vonheimkoret.

Sundag 24. desember. Jolaftan.

Byglandsheimen kl. 13:00. Gudstjeneste. Kjell Steinbru.

Bygland kyrkje kl. 14:00.

Familiegudsteneste. Kjell Steinbru. Takkoffer: Lærerakademiet. Luk 1,39-45.

Årdal kyrkje, Grendi kl. 16:00.

Familiegudsteneste. Kjell Steinbru. Takkoffer: Det Norske Misjonsskap. Luk 1,39-45.

Måndag 25. desember.

Juledag. Sandnes kyrkje, Åraksbø kl. 16:00. Høgtidsgudsteneste. Rune Stormark. Takkoffer: Kyrkjelydens misjonsprosjekt. Joh 1,1-14.

Onsdag 27. desember.

Romjul. Ose grendehus kl. 17:00. Gudsteneste med jolefest. Kjell Steinbru. Luk 1,39-45.

Måndag 1. januar.

Nyttårsdag. Årdal kyrkje, Grendi kl. 11:00. Gudsteneste. Kjell Steinbru. Takkoffer: LEGO Romania. Matt 1,20b-21.

Sundag 14. januar.

2. søndag i openberringstida. Bygland kyrkje kl. 16:00. Familiegudsteneste. Rune Stormark Takkoffer: Den Norske Israelsmisjon. Mark 1,3-11.

Sundag 21. januar.

3. søndag i openberringstida. Sandnes kyrkje, Åraksbø kl. 11:00. Gudsteneste. Diakoniens dag. Kjell Steinbru og Anna Heggland. Takkoffer: Diakoniarbeidet lokalt i Bygland. Joh 4,4-26.

Sundag 28. januar.

Såmannssøndag. Ose grendehus kl. 17:00. Gudsteneste. Kjell Steinbru. Takkoffer: Bibelselskapet. Rom 10,13-17.

Sundag 4. februar.

Kristi forklarelsedag. Årdal kyrkje, Grendi kl. 16:00. Familie-gudsteneste. Rune Stormark. Takkoffer: Byglandsfjord barnekor. Mark 9,2-13.

Sundag 18. februar.

1. søndag i fastetida. Bygland kyrkje kl. 11:00. Gudsteneste. Rune Stormark. Takkoffer: Kristen Idrettskontakt – KRIK. Matt 16,21-23.

Sundag 25. februar.

2. søndag i fastetida. Sandnes kyrkje, Åraksbø kl. 14:00. Gudsteneste. Kjell Steinbru. Takkoffer: For Livsrett og Menneskeverd. I Mos 3,8-15.

Sundag 4. mars.

3. søndag i fastetida. Ose grendehus kl. 17:00. Gudstjeneste. Rune Stormark. Takkoffer: Åpne Dører. Mark 9,17-29. Kyrkjekaffi.

Sundag 11. mars

4. søndag i fastetida. Årdal kyrkje, Grendi 11:00. Gudsteneste. Rune Stormark. Takkoffer: Normisjon. Joh 3,11-16.

Sundag 18. mars.

Maria bodskapsdag. Bygland kyrkje kl. 16:00. Familiegudsteneste. Kjell Steinbru. Takkoffer: Det Norske Misjonsskap. Luk 1,46-55.

ÆTT SKAL FYLGJA ÆTTERRAD



DØYpte til Kristus

Bygland kyrkje:
27.08.2017

Tarald Nordgarden Haugå
Lilja Kvaale Haugaa
Tuva Kvaale Haugaa
Håvard Nordgarden- Slotte
Sigurd Andre Åsegård Sundt

Årdal kyrkje:
06.08.2017 Loke Hillestad Fernandez
17.09.2017 Christoffer Nilsen

DØDE

Knut D.Tveit
født 04.07.1934 død 12.06.2017
Fabio Del Frate
født 21.06.1948 død 30.06.2017
Eivind Aakhus
født 04.11.1941 død 01.07.2017
Gyro Taksdal
født 14.07.1921 død 19.08.2017
Sigrid Lidtveit Sandnes
født 29.08.1936 død 22.08.2017
Maren Lauvdal
født 06.03.1926 død 06.09.2017

Paul Erling Sverre Fennefoss
født 10.07.1938 død 17.09.2017

Olav T Nordgarden
født 23.03.1946 død 07.10.2017

Åse-Irene Heggland
født 02.02.1928 død 14.10.2017

Sigbjørn Knut Horverak
født 24.05.1936 død 31.10.2017

Anne Grete Haugå
født 12.02.1944 død 02.11.2017

Margit Larsson
født 02.10.1944 død 11.11.2017

BØNNEMØTER PÅ BYGLAND VÅREN 2018

Velkommen til bønn i Jesu navn.

Matt.7 v. 7-11: Be, og dere skal få. Let, så skal dere finne. Bank på, så skal det lukkes opp for dere.

Åraksbø Grendehus:	Mandag 15. Jan. Kl 19.30
Vonheim:	Mandag 29. Jan- Kl.19.30
Åraksbø Grendehus:	Mandag 12. Febr. Kl. 19.30
Vonheim:	Mandag 26. Febr. Kl. 19.30
Åraksbø:	Mandag 12. Mars Kl. 1930
Vonheim:	Mandag 9. April Kl 19.30
Vonheim:	Mandag 23. April Kl 1930
Åraksbø Grendehus:	Mandag 7. Mai Kl 1930
Åraksbø Grendehus:	Mandag 28. Mai Kl. 19.30
Vonheim:	Mandag 11. Juni Kl 1930

BARNEMØTER «MINIOR» PÅ VONHEIM BYGLAND VÅREN 2018

(Bygland Sundagsskule)

Ledere: Brit-Olga Nomeland Torbjørnsen og Tove Ingeborg H. Tveitå

MINIOR Vonheim:	Mand. 29. Jan. kl. 17.00-18.30
MINIOR Vonheim:	Mand. 12 Febr-kl. 17.00- 18.30
MINIOR Vonheim:	Mand. 26. Febr. kl. 17.00-18.30
MINIOR Vonheim:	Mand. 12. Mars kl. 17.00-18.30
MINIOR Vonheim:	Mand. 9. April kl. 17.00-18.30
MINIOR Vonheim:	Mand 23. April kl. 17.00-18.30

Den Glade Festen

Vi feirer Jesu fødselsdag. Han ble født i en stall i Betlehem. Gjeterne på Betlehemsmarken så og hørte engler. En engel sa: «Frykt ikke, for se jeg forkynner dere en STOR GLEDE, en glede for alt folket». Mange engler sa: «Ære være Gud i det høyeste og Fred på jorden». Gjeterne fikk også be-skjed om å gå til stallen og gratulere: Hipp Hurra! Frelsen er kommet! Kongesønnen Jesus Kristus lever og er midt iblandt oss.

Søndagsskolen på Bygland «Minior» innbyr til Juletrefest tirsdag 2. januar kl 1700 2018 på Vonheim, og ønsker alle, små og store Hjertelig velkommen, Tove Ingeborg Tveitå.

BYGLAND VONHEIM JULETREFEST

(Sundagsskulens julefest)

Tirsdag 2. Jan. kl. 1700 -18

HANNE MARTINSEN
Forteller

Juleframføring-Gang rundt juletreet
Prøve fiskelykken m.m.
Servering: Rundstk./kaffe/brus
Ta gjerne med julekakerester

SMÅ OG STORE
ALLE HJARTELEG VELKOMNE

Kyrkjelydene i Bygland Tilsette og kontaktinformasjon

Bygland kyrkjekontor,
Sentrum 18
4745 Bygland
Bygland kommune: 37 93 47 00

Heimeside: kirken.bygland.no

Sokneprest Kjell Steinbru
Telefon: 473 28 472
E-post: prest@evje.kirken.no

Kyrkjeverje Olav Nilsen
Telefon: 982 99711
E-post: kbnilsen@hotmail.com

**Bygland kyrklege fellesråd og
Bygland sokneråd**
Leiar:
Knut Gakkstad
Mobil: 948 80 383
E-post: knutgakkstad@yahoo.no

Årdal sokneråd
Leiar:
Gunnar Gautland
Mobil 908 25 928
E-post: ggautland@agder.no

Tilsette

Kyrkjeverje
Olav Nilsen 982 99 711

Organist
Britt Haugen 472 33 165
Torgny Sandland 951 68 579
Hans Jurgen Wiehe 915 47 804

Klokkar og kyrkjetenar, Sandnes
Knut Gakkstad 948 80 383

Kyrkjetenar, Årdal frå 1.februar 2018
Tore Moseid 462 39 056

Kyrkjetenar og klokkar, Årdal til
1.februar 2018
Olav Sordal 909 84 832

Kyrkjetenar og klokkar, Bygland
Kim Andre Thorstensen .. 984 69 989
Svein Kleivane 977 74 321

Kyrkjetenar, Austad
Tore Moseid 462 39 056

Klokkar, Austad
Svein Kleivane 977 7 4321
Knut Gakkstad 948 80 383

Reinhaldarar
Tora Vegusdal (Årdal) 975 07034
Marie Bue (Bygland) 482 10 259
Thora Bakke Nordgarden
(Sandnes) 994 54 393
Therese Gautestad
(Austad) 901 94676

B - BLAD

Returadresse: Setesdalstrykk a.s
Kinovegen 16, 4735 Evje

DISTRIBUERT AV POSTEN NORGE
posten
NORGE P.P. PORTO BETALT



Nånesvete i morgonsol. Foto: Olav Nilsen